



Jogeir Romarheim
Klubbaddalen 9
5914 ISDALSTØ

Referansar:
Dykkar:
Vår: 21/8083 - 21/81743

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
02.12.2021

Vi trenger opplysningar for å handsama søknaden - bustad gbnr 195/36 Leiknes

Tiltak: Dispensasjon til ny bolig,garasje og veg
Byggjestad: Gbnr: 195/36
Tiltakshavar: Maria Fosse Romarheim
Ansvarleg søkjar: Tungesvik Arkitektur

Kommunen syner til søknad, motteke 20.09.2021.
Søknaden har manglar og vert ikkje handsama før kommunen har motteke supplerande dokumentasjon.

Vi trenger følgjande opplysningar for å kunne handsama søknaden:

1. Vestland fylkeskommune må gje vedtak etter veglova som gjeld dispensasjon frå byggjegrense mot FV5452.
2. Forhald kring vatn til bustad skal avklarast før rammeløyve kunne gjevast. Vi fekk uttale frå Samferdsel-, veg, vatn og avløp avd. her at det kan vere meget krevjande å kople til kommunalt vatn slik det er tenkt:
<Vatn. Det vil være krevande å kople denne eigedomen til kommunal vassforsyning, lang sjøledning, som skal etableres i vanskeleg terreng under vatn. Det er også ein føresetnad at det blir etablert eit planlagt byggefelt på Storneset, der vannledning frå denne eigedomen kan knyte seg til.>
Vi ber om vurdering om det skal koplast til kommunalt vatn eller privat borehol.
3. Vi ber om redegjørelse om tiltaket støtter krav i planføresegn til minste tomteopphaldsareal på 200 m2 med krav til arealene jf. Helling, form, struktur etc. i KDP for Lindås i pkt. 2.6.4.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 02.01.22. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før

innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Jogeir Romarheim
Maria Fosse Romarheim
Tungesvik Arkitektur

Klubbadalen 9	5914	ISDALSTØ
Klubbadalen 9	5914	ISDALSTØ
Fabrikkgaten 26	5059	BERGEN